



Tømrer Sævar Sævarsson  
Solendvegen 254  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1482 - 15/13875

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
06.07.2015

## Merknad til søknadar om høvesvis godkjenning av føretak for ansvarsrettar og ferdigattest for allereie godkjent bruksendring frå driftsbygning til fleirbustadbygg med tilhøyrande byggjearbeid på gbnr 40/5 i Meland kommune

Det vert vist til søknadar mottatt 1.7.2105 om respektivt godkjenning av Tømrer Sævar Sævarsson ENK for ansvarsrettar (org.nr. 991 154 167) og ferdigattestering av bustadbygg på gbnr. 40/5 i Meland kommune.

Kommuneadministrasjonen har tidlegare mottatt tilsvarande søknadar frå føretaket Bergen Byggteam AS, men på bakgrunn av etterfølgjande korrespondanse med både sistnemnde føretak og tiltakshavar Tor Oscar Maaseide legg administrasjonen til grunn at søknadane frå Bergen Byggteam AS er trekt.

Det er allereie gitt rammeløyve og løyve til igangsetting (IG) i saka, jf. vedtak av 26.5.2010 og 25.2.2013. Saman med vedtaket om IG i 2013 vart følgjande føretak godkjent for ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde for funksjon og oppgåver	Tiltaksklasse
Ramm Salbu Arkitekter AS Org.nr. 994 932 284 Lokal godkjenning	SØK PRO overordna KPR overordna	1
Bygg og Mur Teknikk AS Org.nr. 998 502 640 Lokal godkjenning	UTF tømrrararbeid	1
Hjelmås VVS AS Org.nr. 988 410 580 Sentral godkjenning	PRO Røyrleggjararbeid UTF Røyrleggjararbeid	1

I ettertid er ansvarleg søkjar v/ Morten Ramm Salbu avliden, medan Bygg og Mur Teknikk AS er slått konkurs. Dette inneber at det p.t. ikkje ligg føre andre godkjente føretak for ansvarsrettar enn Hjelmås VVS AS.

Dersom det no vert sendt inn samsvarserklæringar frå Ramm Salbu Arkitekter AS (overordna PRO og KPR) og Hjelmås VVS AS (PRO og UTF av røyrlaggararbeid) – i tillegg til samsvarserklæringa som allereie er sendt inn frå Bygg og Mur Teknikk AS (UTF av tømrrarbeid) – kan desse erklæringane leggjast til grunn for søknaden om ferdigattest. Kommunen må likevel godkjenne nytt føretak med ansvar for SØK-funksjonen, samt funksjonane UTF og KUT for eventuelt resterande byggjearbeid.

I føreliggjande søknad om ansvarsrett frå Tømrrer Sævar Sævarsson er det ikkje opplyst kva funksjonar og oppgåver dette føretaket tek på seg, men kommunen reknar med at søknaden er meint å omfatte funksjonane SØK og UTF og KUT for heile tiltaket (med unntak av røyrlaggararbeid). Dette må i så fall stadfestast.

Tømrrer Sævar Sævarsson har sentral godkjenning for UTF av tømrrarbeid og trekonstruksjonar i tkl. 1. Dette godkjenningssområdet kan omfatte m.a. oppføring av byggverk av mindre vanskegrad, inkludert alle relevante arbeid som inngår i slike tiltak, t.d. mur- og betongarbeid, montering, bygningsselement, taktekking, membranarbeid (fukt og radon), lufttettleik mv. Administrasjonen legg difor til grunn at Tømrrer Sævar Sævarsson uansett kan godkjennast med ansvarsrett som UTF av heile tiltaket (unntatt nemnde røyrlaggararbeid).

Før kommunen i tillegg kan godkjenne Tømrrer Sævar Sævarsson for SØK-funksjonen må det sendast inn dokumentasjon på at føretaket har kompetanse til å ta på seg denne oppgåva, t.d. ved å vise til byggjesakar frå andre kommunar kor føretaket har vært godkjent som ansvarleg søkjar. Når det gjeld nærmare opplysningar om føretaket si organisering, system mv. vil kommunen kunne byggje på allereie innsendt dokumentasjon (mottatt 16.6. d.å.).

Med omsyn til føreliggjande søknad om ferdigattest har administrasjonen i tillegg følgjande merknad:

I samsvarserklæring frå Bergen Byggteam AS dagsett 15.3.2015 er det opplyst følgjande om attståande byggjearbeid i tiltaket:

- *«Leilighet 2. etasje eksisterende bygg er ferdigstilt 100%. Terrasse og trappearrangement er ferdigstilt fra 1. til 2. etasje.»*
- *«Nybygg/tilbygg er grunn ferdig, trearbeider starter nå, leilighet 1. etasje er delvis ferdig, ferdigstilles juni -15.»*

I føreliggjande søknad om ferdigattest frå Tømrrer Sævar Sævarsson er det derimot opplyst at det ikkje står att nokre byggjearbeid. Administrasjonen ber difor om en stadfesting på at alle byggjearbeid er ferdig utført, både m.o.t. eksisterande bygning og det nye tilbygget, eventuelt kva arbeid som står att.

Ved bytte av ansvarlig føretak vil det nye føretaket ikkje vere ansvarlig for forgjengaren sine eventuelle feil, ettersom det nye føretaket berre har ansvar for det vidare arbeidet. GOF § 13 legg difor opp til at det nye føretaket sendar inn ein oversikt over status for tiltaket på tidspunktet då ansvarsrettane vert bytta, slik at det kan fastsetjast eit grensesnitt for ansvaret til høvesvis utgåande og nytt føretak. Dette gjeld som utgangspunkt for alle funksjonar i tiltaket (SØK, PRO, KPR, UTF og KUT).

Oppsummert treng kommunen følgjande tilleggskommunikasjon og –opplysningar innan føreliggjande søknadar om ansvarsrettar og ferdigattest kan handsamast:

- Samsvarserklæringar frå Ramm Salbu Arkitekter AS og Hjelmås VVS AS.
- Ei presisering av kva funksjonar og oppgåver Tømrer Sævar Sævarsson søker om ansvarsrett for (venteleg SØK, UTF og KUT).
- Ein oppdatert gjennomføringsplan.
- Eventuelle referansar til tilsvarande byggjesakar i andre kommunar (t.d. oppføring av einebustad eller liknande i tkl. 1) kor Tømrer Sævar Sævarsson har vært godkjent som ansvarleg søkjar.
- Ei oversikt over utførte og attverande byggjearbeid i tiltaket på tidspunktet då Tømrer Sævar Sævarsson tok/tek over prosjektet, slik at kommunen kan fastsetje eit grensesnitt for ansvaret til tidlegare godkjente føretak og ansvaret til Tømrer Sævar Sævarsson.

Dykkar søknadar ansvarsrettar og ferdigattest vert lagt i kommunen sitt ventearkiv i påvente av at dei etterspurde opplysningane er sendt inn, og slik at saka kan takast opp til endeleg handsaming. Kommunen held seg likevel rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom dette viser seg naudsynt ved ein nærmare gjennomgang av søknadane.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknadane om ansvarsrettar og ferdigattest vert ettersendt, jf. pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (Gebyrregulativ 2015) pkt. 10.2.10 («*Mangelfull sak m/ melding til søkjer*»). Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr – eller over storleiken på gebyret – jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Eventuell klage skal vere grunnig.

Med venleg helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Tor Oscar Maaseide

**Mottakere:**

Tømrer Sævar Sævarsson

Solendvegen 254 5936

MANGER